

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Det Vestnorske Teateret (DVT). Mongstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Mongstad var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.

Mongstad gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:

- Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Varamedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.
- Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.